

Evaluering av regionalplan for Sogn regionråd



Framlegg til Sogn regionråd, 6. november 2015



Sogn regionråd

1 Innleiing

Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Planen blir laga kvart fjerde år og gjeldande plan er for 2013-2016. Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden.

Dokumentet inneheld ei oppsummering med ein faktadel om kva som gjennomført, ein gjennomgang og vurderingar av planprosessen og diskusjonsgrunnlag (vedlegg) for kommunane om erfaringar med gjeldande plan og kva som kan gjerast betre til neste regionalplan.

2 Oppsummering av tiltak og aktivitetar

2.1 Næringsutvikling

2.1.1 Reiseliv

Reiselivsorganisering

Sogn regionråd var prosjekteigar for prosjektet reiselivsorganisering i Sogn. Målet var å styrka samkøyringa av reiselivsutviklinga og auka lønsemd i Sogn. Regionen hadde åtte reiselivsselskap. Forprosjektet starta i 2011 og hovudprosjektfasen varte frå hausten 2012 til det nye reisemålsselskapet var etablert. Visit Sognefjord vart skipa 14. februar 2013 og var i ein etableringsfase-/utviklingsfase til 1. juni 2013. Selskapet hadde ved etablering 150 aksjonærar og ein aksjekapital på kr 2,1 mill. Nærings- og fiskeridepartementet og Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde midlar til prosjektet. I tillegg var det lagt ned ein betydeleg eigeninnsats frå næringa, reisemålsselskapa, kommunane og administrasjonen i regionrådet.

Produkt- og marknadsanalyse

På oppdrag frå Sogn regionråd har Segel AS laga ein produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv. Visit Sognefjord bruker analysen til å utvikla Sogn som heilårs reisemål.

Felles marknadsføring

Sogn regionråd løyver årleg midlar til Visit Sognefjord til marknadsføring.

2.1.2 Tilflytting og rekruttering

– **Karrieremesser**

Sogn regionråd løyver midlar til Framtidsfylket sine karrieremesser i Oslo, Trondheim og Bergen og koordinerer kommunane si deltaking på messene. Filmen Kom til Sogn vart laga på oppdrag frå Sogn

regionråd og vert vist på messene i fellesprogrammet. Evalueringar viser at messene er viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv. Regionrådet og næringsnettverket la sist gong møte i samband med messa i Bergen.

– **Bustadutvikling**

Rapporten som Ideas2evidence har laga analyserer bustadmarknaden i Sogn. Det er gjennomført temadag som handla om dei gode grepa for meir variert bustadmarknad.

– **Auka tal læreplassar**

Regionrådet ønskjer å bidra til at det blir fleire læreplassar i Sogn. I 2014 starta arbeidet med å informera næringsansvarlege om lærlingeordninga. Det er halde kommunevise møte med bedriftene for at fleire blir lærebedrifter. Regionrådet har teke initiativ til ein partnerskapsavtale.

2.1.3 Utdanning og kompetanse

Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

- Sogn regionråd har tilsett programleiar for «System for styrka læring» og utviklingsretteleiar¹ for den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling».
- Sogn regionråd vedtok overordna programplan for "System for styrka læring" i møtet 7. mai 2014 og programstyret vedtok i november same år handlingsplan for 2015.
- Det vart inngått partnerskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn: Partnerane våre er Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet, Regionalt kunnskapssenter for barn og unge og HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen.
- Barnehagestemne: Det er arrangert stemne januar to år (2013 og 2014) for tilsette i barnehagesektoren i regionrådskommunane.
- 1/3 av skulane har fått kollektiv opplæring ute på arbeidsplassane i bruk av verktøyet Psykologisk Førstehjelp, nokre som del av eit forskingsprosjekt (forprosjekt) med midlar frå Regionalt forskingsfond
- Entreprenørskapsmesse: Vert arrangert årleg for alle ungdomsskulane i regionen. Vik var vertsskap i 2013, Lærdal i 2014 og Sogndal i 2015. Årdal blir vertsskap i 2016 og Høyanger i 2017.
- "Partssamarbeid om helsefremmande barnehagar" vart arrangert saman med NAV Arbeidslivssenter og med støtte frå IA-rådet i Sogn og Fjordane.
- I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane starta Sogn regionråd pilotstudiet Entreprenøriell matematikk, med midlar frå fylkeskommunen til frikjøp av lærarar.
- Regionrådet arrangerte utdanning à 6 studiepoeng i trafikalt grunnkurs som gir moglegheit til trafikkopplæring på skulane. 20 lærarar deltok, 19 frå Sogn.
- Regionrådet bidreg med innhald og koordinerer nokre av fagnettverka i skulane og barnehagane (fagnettverk for entreprenørskap, spesialundervisning, psykisk helse, ikt (nytt), styrarnetterk og rektornettverk)

¹Utviklingsretteleiar er eit 4-årig engasjement 2013-2017. Sogn regionråd finansierer 25% stilling og Utdanningsdirektoratet 75%.

- "Barnehagen som lærande organisasjon" - prosjekt saman ned HiSF og UDIR på 1,5 mill
- Fullføring av leiarutdanning kull to i barnehagen, og etablering av fagnettverk for barnehagesektoren, jf vedtak om dette i Sogn regionråd 30.04.2010.
- Studietur for barnehagane
- Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn: Forprosjektet starta våren 2013. Kommunane hadde fem ulike organisasjonsløysingar og bruker meir ressursar på spesialundervisning enn fylket og snittet for landet elles. Forprosjektrapport om felles PP-teneste vart levert til rådmannsgruppa 29. januar 2014. Hovudprosjektet starta i juni 2014 med seks deltakarkommunar. Det var tilsett prosjektleiar i 20% stilling og innleigd prosessrettleiar. I tillegg kjem eigeninnsats frå kommunane (rektor, styrar, PPT, skulefagleg ansvarlege og rådmenn) og frå administrasjonen i regionrådet. Fylkeskommunen kopla seg på prosjektet same haust. Rapporten «Underlag til organisasjonsvurdering»frå Deloittevar ferdig februar 2015 og oversendt kommunane. Rapporten gir grunnlag for arbeidet med å få betre tenester og utviklingsarbeidet vil gå parallelt med endra organisering av PPT. Tilråding til samarbeidsavtalen og budsjett/stillingsoversikt gjekk til kommunane våren 2015 for handsaming i kommunane.

Sogn Jord og Hagebruksskule

Sogn regionråd støtta opp om skulen med fråsegn til fylkeskommunen og departementet og med innlegg på politikardagen mai 2014.

Skulebruksplanen

Sogn regionråd arbeidde hausten 2012 og våren 2013 med ei felles fråsegn til fylkeskommunen sitt framlegg til skulebruksplan for dei vidaregåande skulane. Fråsegna hadde eit regionalt perspektiv og peika på løysingar som støtta opp om Sogn sine behov for vidaregåande opplæring. Modell Indre Sogn kom innsparingsmåla i møte, gav meir robuste fagmiljø og ivaretok elevane sine opplæringsbehov og regionen sine arbeids-og næringslivsbehov.

2.2 Samferdsle

- Ferjesambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes: Sogn regionråd arbeider for 30 minutt ferjefrekvens og nattferjer og gav fråsegn i høyringsrunden. Samferdslegruppa har sidan 2012 hatt møte med Statens vegvesen Region Vest, Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet (1.4.2014).
- Flyruter og nattstasjonert fly: Det har vore møte med Widerøe for betra rutetilbod (mellom anna med tilpassing av flyruter til Oslo, via Bergen). Det er gitt innspel på høyring til regionale ruteflygingar frå 1.4.2016 til fylkeskommunen.
- Nasjonal Transportplan – lufthamnstruktur: Det er gitt innspel til fylkeskommunen og til Avinor.

2.3 Helse

Samhandlingsreforma og Sogn lokalmedisinsk senter (LMS) var tema på felles formannskapsdag 5.9.2014.

2.4 Kommunereforma

Kommunane vedtok mandat for felles utgreiing som skal gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing. Utgreiinga starta våren 2014 og vil vera ferdig innan 31.12.2015. Felles utgreiing er eit supplement til kommunane sine egne prosessar.

2.5 IKT

2.5.1 Fellesordningar

Kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider om kommunikasjonsnett og GIS-løysing.

2.5.2 Geografisk informasjonssystem (GIS)

- Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator
- kommunane har felles kartløyising på sognekart.no.
- adresseprosjektet for å få på plass vegadresser starta i 2012 og held fram til 2016
- nye medarbeidarar og sakshandsamarar får intern opplæring i bruk av GIS-verktøy
- GIS-koordinator utfører drift- og utviklingsoppgåver for SIMAS

2.6 Samarbeidsfora og nettverk

Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjon i regionen, og møtest om lag seks gonger i året.

Regionale nettverk

Nettverka er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og dei har om lag 2-4 møte i året. Regionråds kommunane har desse nettverka:

Ungdomsnettverk, kulturnettverk, HR-/personalnettverk, næringsnettverket i Sogn, helse- og omsorgsnettverk, barnehage- og skuleregion Sogn og oppmålingsgruppa.

I regionen er 21 fagnettverk for tilsette i skulane og 8 nettverk for barnehagane.

2.7 Fråsegner

Sogn regionråd har gitt 24 fråsegner sidan 2013, mellom anna om flyruter, lufthamnstruktur, struktur i høgare utdanning, ferjeruter og akuttutvalets delrapport.

2.8 Rapportar

Det er utarbeidd 5 rapportar i perioden 2013-2015 som har vore av eller på oppdrag frå Sogn regionråd:

PPT i Sogn - underlag til organisasjonsvurdering, Deloitte AS, 2015

Bustadmarknaden i Sogn, ideas2evidence, 2014

Produkt- og marknadsanalyse for heilårs reiseliv, Segel AS, 2014

PPT-organisering - forprosjektrapport, 2014

Nye båtruter Aurland-Sogndal og Vik-Sogndal, Transportøkonomisk Institutt, 2013

2.9 Ekstern finansiering

Sogn regionråd har motteke eksterne midlar på kr 6 783 256² frå 1.1.2013 mellom anna har vi fått tilskot til følgjande prosjekt/tiltak:

Prosjekt/tiltak	Tilskot frå
Reiselivsorganisering i Sogn	Nærings- og Fiskeridepartementet og Sogn og Fjordane fylkeskommune
Prosjekt for felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn Psykisk helse Adresseprosjektet Kommunereforma	Skjønsmidlar/fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Utval for fornying i offentleg sektor)
Psykologstillingar	Helsedirektoratet
Regionale utviklingstiltak (m.a. karrieremesser, bustadanalyse, marknadsføring reiseliv, produkt- og marknadsanalyse innan reiseliv)	Sogn og Fjordane fylkeskommune (regionale utviklingsmidlar)
Kompetanseutvikling for barnehagar	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Trafikalt grunnkurs	Trafikktryggingsutvalet i Sogn og Fjordane (fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar) og Trygg Trafikk Sogn og Fjordane
Entreprenøriell matematikk - pilotstudiet	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fagnettverk psykisk helse	Regionalt kompetansesenter for barn og unge (RKBU) og Norske Kvinners Sanitetsforening
Psykologisk førstehjelp i skolen - forprosjekt	Regionalt forskingsfond Vestlandet
Leiar og nettverksamlingar innan skule og barnehage	OU-midlar frå KS
Studietur for barnehagane i Sogn	Tilskot frå Dansk-Norskfond

3 Gjennomgang og vurdering av arbeidet med regionalplanen

Arbeidet med regionalplan 2013-2016 hadde følgjande tidsplan:

Periode/ tidsfrist	Aktivitet
24. august 2012	RUP-gruppa drøftar opplegg for prosessplan og arbeidsmøte

²Dette viser beløp som er inntektsført frå 1. januar 2013-20. august 2015.

6. september	Førebels rapport frå Telemarksforsking Regional analyse som grunnlag for planarbeidet
14. september	Sogn regionråd tek stilling til vidare arbeid og prosessplan
28. september	Arbeidsmøte med formannskapa, rådmenn, næringsansvarlege og eksterne aktørar Arbeidsverkstad og føredrag
1.-10. oktober	Oppsummeringsnotat frå arbeidsmøte
1.okt -10. nov	Vidare arbeid i gruppene med tema frå arbeidsmøte
12. oktober	RUP-gruppa drøftar sorteringskriterium for kva som skal inn i regionalplanen
26. oktober	Sogn regionråd tek stilling til sorteringskriteria frå RUP-gruppa
21. november	RUP-gruppa drøftar innspela som grunnlag for framlegg til regionalplan
4. desember	Regional analyse i Sogn frå Telemarksforsking
7. desember	Sogn regionråd vedtek å senda planframlegget (strategidelen) på høyring
Januar -februar	Kommunestyra og eksterne aktørar handsamar planframlegget (strategidelen)
26. april 2013	Sogn regionråd vedtek regionalplanen 2013-2016 (strategidel)

Tiltaksdelen av planen blir rullert årleg. Tiltaksplanen for 2013-2014 vart vedteken juni 2013 og tiltaksplanen for 2015 vart vedteken desember 2014.

3.1 Involvering i planprosessen

Arbeidet med gjeldande regionalplan byrja hausten 2012. I planprosessen hadde vi fokus på involvering blant folkevalde og inviterte med eksterne aktørar. Det var heil dags arbeidsmøte med formannskapsmedlemmar, rådmenn, næringsjefar og eksterne aktørar i september 2012. I etterkant var det møte i arbeidsgrupper for bearbeiding med prioritering og val av tema. Innspel og drøftingar i gruppene gav innhald til planen. Det var første gongen at regionrådet i planarbeidet involverte formannskapa med felles arbeidsmøte. RUP-gruppa drøfta og tilrådde prosess til rådet og prosessen vart også drøfta undervegs i rådsmøta.

Framlegg til regionalplan for 2013-2016 (strategidelen) vart sendt på høyring til kommunane for politisk handsaming og til eksterne aktørar.

3.2 Eigarskap og samhandling

Føremålet til rådet er å vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Rådet skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordna og forenkla oppgåver for eigarane.

Måla i regionalplanen er styrka næringsutvikling og auka folketal. "Planlaging" etter eit instrumentelt planleggingsideal vil vanskeleg gje regional utvikling. Det ville kravd full kunnskap om situasjonen, klare mål, eintydige virkemiddel og stor kontroll over virkemidla. I samfunnsplanlegging kan måla vera omstridde og virkemidla ukjende, og då vil kommunikative metodar vera meir eigna å bruka. I planprosessen i 2012 skjedde dette ved at politikarane gav innhald til planen, medan administrasjonen organiserte arbeidet og samanfatta innspela.

Regionalplanen vart laga parallelt med kommuneplanane. Det var ikkje kopling av planarbeidet mellom kommunane og regionrådet.

Kommunane har ulike behov og utfordringar og skal samla seg om felles satsingar. Bakgrunnen for å involvera breitt i planprosessen var å få sterkare eigarskap og forankring i kommunane. For å styrka rådet si rolle som regional utviklingsaktør var vurderinga at rådet bør vera gode på prosess. Gode

prosessar i planarbeidet vil kunne betra gjennomføringsevna for tiltaka. Samarbeidet i regionrådet er frivillig og går ikkje lenger enn kva kommunane blir samde om. Resultatet kan ofte bli litt uinteressante tiltak som ikkje vekker den store entusiasmen. På den andre sida kan konsensusprinsippet motverka at det oppstår eit demokratisk underskot. Mange av rådet sine tiltak er langsiktige, til dømes arbeidet innan samferdsle (flyruter, ferjeruter mv). Regionrådet si rolle er å påverka avgjerdstakar og inneber i mange tilfelle prosessar som tek tid. Samstundes er det derfor viktig med «kortreiste resultat» og prosjekt og tiltak som er enkelt å få gjennomført og kan plukkast som «lågthengande frukt». Trafikalt grunnkurs for lærarane er eit slikt tiltak som også forenkla oppgåva for kommunane.

Rådet har også funksjon som base for konkrete prosjekt som rådet kan samlast om. Dei årlege entreprenørskapsmessene for ungdomsskuleelevane er eitt døme på eit fellestiltak.

Regionalplanen er eigna for å dra igang prosessar der det kan vera uvisse om kva ein kan tena på i samarbeidet. Det er problem viss medlemene i rådet let vera å engasjera seg i viktige saker fordi dei er konfliktfylte. Ei løysing er å bli samde om mål og prosessar slik at deltakarane ikkje hoppar av straks det oppstår usemje. Prosjektet om reiselivsorganisering og arbeidet med fråsegn til skulebruksplanen for vidaregåande opplæring er to døme.

Avslutning

Dokumentet gir ei kort oppsummering av aktivitetar og ein gjennomgang og vurdering av regionalplanprosessen. Administrasjonen vurderer at den involverande planprosessen har vore eigna til å få sterkare eigarskap frå kommunane si side til regionalplanen. Rådet bør drøfta erfaringane frå arbeidet 2012-2013, og kva som vi har vore gode på og kva vi kan bli betre på. Dette vil vera eit grunnlag for det nye rådet sine vurderingar for planprosessen for neste plan 2017-2020.

Vedlegg 1

Diskusjonsgrunnlag

Evaluering av regionalplanen var tema i ordførarmøte 20.4.2015. Drøftinga tok utgangspunkt i kva vi bør halda fram med, kva praktiserer vi ikkje godt nok, kva er ikkje lenger tenleg å vidareføra og kva treng vi for å møte framtidens utfordringar, og kan oppsummerast slik:

- Formannskapa var involvert i planarbeidet, noko som bør vidareførast til neste gong. Formannskapa må involverast meir for å få auka engasjement
- Rådet må tenke større regionar framover, sjå behova som kommunane har og vera raus
- Samarbeidet med næringslivet bør styrkast (reiselivet, samferdsle). Alliansebygging og nettverk med næringslivet er framleis ei utfordring.
- Ordførarane må setja dagsorden
- Årsmelding bør gå til kommunestyra/formannskapa
- Formannskapa bør ha ein runde om regionalplanen i forkant av felles formannskapsdag
- Regionrådet må prioritera nokre få saker istadenfor mange
- Kva skjer med temaa mellom planarbeidet? Planen bør vera meir detaljert om prosessen til kvart tiltak t.d. kva er prosjektbasert, kva vil arbeidsgruppene følgja opp.
- Korleis få eit større engasjement frå næringslivet og kva kan vi gjera for å kople næringslivet meir på regionrådet sitt arbeid. Det er lite engasjement i dag
- Regionrådet bør i større grad enn no drøfta strategiar

Som grunnlag for arbeidet med neste regionalplan for Sogn regionråd er det ønskeleg at kommunane drøftar desse problemstillingane:

- Kva har vi vore gode på? Kvifor?
- Kva kan vi bli betre på? Korleis?